



Nissedal kommune



**BUDSJETT
ØKONOMIPLAN
HANDLINGSPROGRAM
2020 – 2023**

VEDTEKE I KOMMUNESTYRESAK 65/19


1. Innleiing	3
2. Budsjett 2020	4
2.1 Statsbudsjettet.....	4
2.2 Metode for budsjettarbeidet	5
2.3 Budsjettopplegget for 2020	6
2.4 Sentrale inntekter/utgifter.....	7
2.5 Bevilgningsoversikt – Netto ramme pr. rammeområde	9
2.6 Økonomisk oversikt – budsjett 2020	13
2.7 Bevilgningsoversikt investering.....	14
2.8 Økonomisk oversikt – investeringsbudsjettet 2020	17
2.9 Eigenbetalinger/avgifter 2020.....	19
2.9.1 Renovasjon (Indre Agder og Telemark Avfallsselskap IKS)	22
2.9.2 Gebyrregulativ etter plan- og bygningslova, forureiningsforskrifta og matrikkellova	23
Vil bli lagt fram som eiga sak og innarbeidd etter vedtak.	23
2.10 Noter	26
2.10.1 Budsjett for kraft- og næringsfond.....	26
2.10.2 Budsjetterte dekningsgrader	26
3. Økonomiplan 2020-2023	27
3.1 Driftsbudsjett 2020-2023 – budsjettskjema pr. konto	27
3.2 Driftsbudsjett 2021-2023 – endringar pr. rammeområde i planperioden.....	28
3.3 Investeringsbudsjett 2021-2023	30
3.4 Gjeldsoversikt 2020-2023.....	31
4. Handlingsdelen	32
Levereglar for Nissedal kommune	32
4.1 Sentral leing	33
4.2 Fellestenesta	35
4.3 Andre stabsfunksjonar	36
4.3.1 Ikt.....	36
4.3.2 Næring	37
4.4 Interkommunalt plankontor.....	38
4.5 Andre interkommunale samarbeid	39
4.5.1 Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid	39
4.6 Eining for skule	41
4.7 Eining for barnehage.....	43
4.8 Eining for kultur	45
4.9 Eining for helse og habilitering.....	48
4.10 Eining for omsorg	50
4.11 Eining for teknisk drift	53

1. Innleiing

Dette dokumentet inneheld årsbudsjett for 2020 og økonomi- og handlingsplan for perioden 2020-2023.

Årsbudsjettet gjev bindande løyvingar for drift og investering, medan økonomiplanen syner forventna utvikling av frie inntekter og konsekvensar av dei prioriteringar som vert gjort.

Kvart års utarbeiding av årsbudsjett og økonomi- og handlingsplan integrerer den kommunale planlegginga i 1- og 4-års perspektivet, jf. figuren under.



Økonomi- og handlingsplan leggst fram som eit integriert dokument, der handlingsdelen tek utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Under kvart tenestemråde i handlingsdelen er det summert opp økonomiske nøkkeltal, og kva som ligg til grunn for den økonomiske ramma.

Endringar frå 2019 til 2020 er omtala under "Spesielle tiltak/endingar i 2020", under kvart tenestemråde.

Under oversikt over berekning av ramme for kvart rammeområde er allereie vedteke endingar gjennom året eller i økonomiplanen sett opp under «ordinær drift – oppgåvekorrigert ramme». Tiltak/endingar foreslått nå i samband med budsjettet går under «Tiltak».

Dokumentet har diverse vedlegg som belyser grunnlaget for ymse tal, eller grunngjev nærare dei vurderingar som ligg til grunn.

2. Budsjett 2020

2.1 Statsbudsjettet

Statsbudsjettet betyr for Nissedal kommune eit rammetilskot på kr 70.569.000, ein auke på kr 4.177.000 frå revidert budsjett 2019 (utgjør ein vekst på 6,3% nominelt). Realvekst for Nissedal er i berekningar frå statsbudsjettet 4,9% (som er høgast i Telemark).

Til tross for nedgang i folketallet frå 01.07.18 til 01.07.19 (01.07. er teljetidspunkt for berekning av utgiftsutjamninga), på 16 personar (utgjør ein nedgang på 1,1%), så fekk kommunen ein sterk vekst i rammetilskotet. Bakgrunnen for dette er samansett, men dei største enkeltfaktorane her er (rangert):

- Auke i aldersgruppa 6-15 år (med andre ord skuleborn)
- Auke i aldersgruppa 2-5 år (barnehageborn)
- Auke i aldersgruppa 67-79 år
- Auke i aldersgruppa 80-89 år
- Auke i personar definert til å vere i låginntektsgruppe

I tillegg til endringar av samansetning av befolkninga i kommunen, blir rammetilskotet påverka av endringar av oppgåver lagt inn i rammetilskotet. Dei største endringane her er:

- Skatteinnkrevjing gjort statleg frå 1. juni 2020. På denne bakgrunn blir det trekt ut kr 342.000 av rammetilskotet til kommunen. Sparte utgifter for dette er kr 205.000 (sjå rammeberekning for felles). Med andre ord «tapar» kommunen kr 137.000 på denne omlegginga. I 2021 utgjør dette kr 330.000 når ein får heilårsvirkning.
- Tilskot til tidleg innsats (kr 145.000) og auka lærartetthet kr 280.000 er lagt i rammetilskotet. På denne bakgrunn er ramme for skule auka med kr 425.000. Dette har tidlegare kome som eige tilskot. Nivå her er omlag som tidlegare.
- Tilskot til leirskuleopplæring er lagt inn i ramme med kr 20.000. Dette er same sum som kommunen tidlegare har fått i særtilskot. Ramme for skule er auka tilsvarende.
- Frå 2020 er det lovpålagt med tilbod om dagsenter til personar med demens. Her har kommunen fått tilførd kr 145.000 til etablering/drift av eit slikt dagsentertilbod. Skal ein få til eit tilbod innan denne ramma krev dette litt kreativ tenking. Ramma for omsorg er auka med kr 145.000 på denne bakgrunn.
- Ordninga med tilskot til etablering/tilpassing av bolig er lagt inn i rammetilskotet med kr 109.000. Utteljning på denne ordninga tidlegare år har variert på bakgrunn av at dette tilskotet til nå har hatt ein samanheng med aktiviteten på startlånsordninga. Men i snitt over tid er det nok samanheng mellom sum i 2020-rammetilskotet og tidlegare overføringar. Det er i budsjett 2020 lagt opp til å nytte tidlegare avsett fondsmidlar på denne ordninga og det er ikkje lagt inn ei rammeauke på bakgrunn av dette momentet. Truleg er det fondsmidlar til å dekke opp for tildelt sum ut planperioden.
- Det er lagt inn kr 102.000 for lovkravet om kommunal psykologteneste. Kommunen sitt bidrag til interkommunal psykologteneste er kostnadsrekna til kr 150.000. Ramme til helse og habilitering er auka med kr 150.000 på denne bakgrunn.

I tillegg kan det og nemnast at statsbudsjettet legg opp til auke av innslagspunktet for ressurskrevjande brukarar med kr 50.000 utover løns-/prisvekst. Dette gjer at kommunen

må dekke dette av andre midlar for å oppretthalde same tilbodet. Ramme til helse/habilitering og omsorg er auka med kr 250.000 på denne bakgrunn.

Nissedal har søkt om, men har ikkje fått skjønnstilskot i 2020.

Antatt utvikling i skatteinntekter betyr også mykje for storleiken på rammetilskotet. Det er lagt til grunn ein vekst i skatteinntektene frå 2019 til 2020 på 3,8%, som er omlag vekst lagt til grunn i statsbudsjettet. Naturressursskatten (som er budsjettert til 7,2 mill.), inngår i skatteinntektene og har nødvendigvis ikkje same utvikling som resterande del av skatteinntekter. Her er det lagt til grunn 0-vekst, då denne er ein fast avgift pr. produsert kWh.

Totalt er det budsjettert med 116,5 mill. i frie inntekter (skatt/rammetilskot). Dette er ein vekst i høve til justert budsjett 2019 på 5,6 mill. i frie inntekter. Løns- og prisvekst utgjer 4,5 mill. Når ein ser at innlemming av nye oppgåver/områder i rammetilskotet (jf. pkt. over), utgjer 1,1 mill. ser ein at frie inntekter har ein realvekst på 0.

2.2 Metode for budsjettarbeidet

Arbeidet med budsjett og økonomiplan tek utgangspunkt i det etablerte driftsnivået, og kva det vil koste å vidareføre dette i det komande året.

I tillegg vert det synleggjort kva tidlegare vedtak og forventta endringar i behov betyr for budsjettet i 2020.

Føresetnadene i gjeldande økonomiplan er som regel endra i løpet av inneverande budsjettår, og kvart års arbeid med det komande års budsjett må ta omsyn til dette.

Dersom driftsnivået etter desse vurderingane er for høgt i høve til inntektene, vert det presentert tiltak for å oppnå budsjettbalanse.

I tillegg til eit framlegg til budsjett i balanse leggast det fram alternative tiltak for å finne budsjett-balanse, og ein oversikt over nye ressursbehov som er vurdert, men ikkje prioritert.

Økonomiplanen vert sett opp i 2020-kroner, og syner kjente endringar frå 2020. Der ikkje anna er kjent eller vedteke, vert 2020-tala vidareført i heile planperioden.

2.3 Budsjettopplegget for 2020

Økonomisk oversikt drift syner eit negativt netto driftsresultat på 9,6 mill. Dette på bakgrunn av at driftsbudsjettet er saldert ved bruk av fond/felles buffer og budsjettert bruk av sjølvkostfond. Bruk av sjølvkostfond VA utgjer hovuddelen (7 mill.). Bruk av felles buffer utgjer 2,3 mill. Ved å «eliminere» bruken av sjølvkostfond, som er ønskja i høve til å få redusert desse, så er det framleis eit negativt netto driftsresultat på 1,8%.

Eit uttalt måltal for netto driftsresultat er 1,75% av frie inntekter. Dette er når det ikkje blir påverka av øyremarka midlar, andre inntekter som må avsetjast til bundne fond og utgifter som skal finansierast av bundne fond.

Det er budsjetter bruk av "felles buffer" på kr 2.319.000. Kr 802.000 av fondsbruken kan knytast til ulike "eingongsutgifter" i 2020-budsjettet, som ikkje er med vidare i økonomiplanen. Kr 1.517.000 av bruk av felles buffer er for å få balanse i budsjettet.

Utgifter som er finansiert ved bruk av fond/felles buffer er:

- Næringsfiskar kr 350.000
- Avslutning av ADMU-sak 6/18 utsett til 1. halvår 2020 kr 200.000
- Husleige mellombels løysing ombygging Kyrkjebygda oppvekstsenter kr 50.000
- Ombygging NAV-kontor, kommunehus, kr 72.000
- Kommunalt bidrag til fellesveg byggeområde Nordbygda kr 50.000
- Reparasjon av kjøle på omsorgssenteret kr 80.000.

Men sjølv ved å «eliminere» desse utgiftene så vil ein vere godt under måttalet på 1,75 % i netto driftsresultat. 2020 blir å sjå på som eit omstillingsår og ein må heller sjå på utviklinga vidare i planperioden når ulike tiltak sett i verk i 2020 får heilårsvikring.

2.4 Sentrale inntekter/utgifter

Skatt på inntekter og formue

Det er lagt til grunn 3,8% vekst frå forventa skatteinntang i 2019. Dette er omlag forventa vekst på skatteinntang i statsbudsjettet.

Utviklinga i skatteinntektene siste 5 år er vist under (B2019 er gjeldande budsjett).

Tall i 1000 kroner	R2016	R2017	R2018	B2019	B2020
Skatteinntekter eks. naturressursskatt	kr 33 62	kr 35 709	Kr 36 124	Kr 37 255	Kr 38 699

Ordinært rammetilskot

Budsjett for 2020 legg til grunn eit rammetilskot på kr 70.569.000. Det visast elles til avsnitt 2.1 om statsbudsjettet, der momenta som gjev størst endring frå 2019 til 2020 er kommentert.

Utviklinga i rammetilskotet siste 5 år er vist under (B2019 er gjeldande budsjett).

Tall i 1000 kroner	R2016	R2017	R2018	B2019	B2020
Rammetilskot	kr 57 637	kr 59 017	Kr 62 818	Kr 65 959	Kr 70 569

Skatt på eigedom

Nissedal kommune har hatt eigedomsskatt på verk og bruk i mange år, og ein stor del av desse inntektene kjem frå kraftanlegga i kommunen. Dei siste åra har inntektene her vore fallande, primært på bakgrunn av utvikling av straumprisen. Men frå 2019 til 2020 aukar denne posten med kr 236.000. Dette på bakgrunn av at år med høgare straumpris nå kjem inn i eigedomsskattegrunnlaget for kraftverka. På linenett blei det etter ein rettsavgjersle pålagt alle kommunar å takserer linenett på nytt. Dette gjorde til at eigedomsskatt på desse objekta blei redusert. Dette gjer til at skatteinntang på næring/anna eigedom i sum er omlag på same nivå som i 2019.

Frå og med 2015 har kommunen hatt eigedomsskatt på anna næring, bustader og fritidsbustader. Frå innføringa i 2015 har skattesatsane vore ordinært 7‰ og differensiert sats for hus/fritidsbustader har vore 2‰. Frå 2020 har staten bestemt at høgaste promille hus/fritidsbustader er 5‰ og at det er obligatorisk reduksjonsfaktor på eigedomsskattegrunnlaget på 30%, for hus/fritidsbustader. (Framlegg/«varsla» i statsbudsjett om 4‰ som høgste skattesats for hus/hytter frå 2021). For å oppretthalde same skatteinntangen vert skattesatsen auka til 2,86‰. I tillegg er det lagt til grunn ein auke på kr 100.000 knyt til volumauke (nye hytter/hus og ombyggingar/påbygg). Ordinær sats på 7‰ næring og andre bygg vert vidareført uendra.

Utviklinga i eigedomsskatten siste 5 år er vist under (B2019 er gjeldande budsjett).

Tall i 1000 kroner	R2016	R2017	R2018	B2019	B2020
Eigedomsskatt næring og anna eigedom	kr 10 643	kr 9 140	Kr 7 814	Kr 7 247	Kr 7 473
Eigedomsskatt bustad/fritidsbustad	kr 5 348	kr 5 490	Kr 5 726	Kr 5 870	Kr 5 970
Sum	kr 15 945	kr 14 630	Kr 13 540	Kr 13 117	Kr 13 443

Andre generelle statstilskot

Her ligg rentekompensasjonsordningane for investeringar i skulebygg og omsorgsbygg, og integreringstilskotet. Rentekompensasjon for investeringar i skulebygg og omsorgsbygg utgjør kr 401.000.

Nissedal kommune har i 2015 - 2017 busett 51 flyktningar. I 2018 og 2019 blei det ikkje busett nokon og det er ikkje lagt til grunn busetting resten av planperioden. Samla er det berekna å gje eit integreringstilskot på 6,1 mill. i 2020. Summen omfattar ekstratilskot på 2,3 mill. Ved å framskrive integreringstilskot på dei som er busett i nå i kommunen, ut planperioden, vil integreringstilskot i 2022 vere 1 mill. (ekstratilskot) og 0 i 2023.

Tall i 1000 kroner	R2016	R2017	B2018	B2019	B2020
Integreringstilskot	kr 7 889	kr 13 949	Kr 13 488	Kr 9 713	Kr 6 130

Renteinntekter, utbytte og renteutgifter

Innskotsrenta har gått noko opp på bakgrunn av generell oppgang i rentenivået. Det er derfor lagt til grunn renteinntekter på ordinært innskot på kr 620.00. Dette er kr 170.000 meir enn 2019-budsjettet. Vel så viktig som rentenivå er likviditeten for denne posten. I 2020-budsjettet er aktiviteten på investeringar noko lågare enn i 2019. Så desse to faktorane i sum gir grunnlag for å auke denne inntektsposten.

Utbytte frå VTK er budsjettert i 2020 til 1,35 million, som er ei vidareføring av nivå i 2019.

Renteutgiftene går opp (1,6 mill.). Dette skuldast at ein legg til grunn 0,45% høgare rente på innlån enn i 2019-budsjettet (budsjettert lånerente er 2,4%, som er dagens nivå). Men hovudforklaringa er auke i lånegjeld, der hovudtyngda er investeringar innan VA-sektoren, og dermed blir lånerenter i realiteten dekt over sjølvkostrekneskapen.

Avdragsutgifter

I 2020 er det lagt til grunn endre nedbetalingsplan for innlån. Jf. note i rekneskapen for 2018 går det fram at betalte avdrag ligg 2 mill. over krav om minimumsavdrag. Budsjettet legg til grunn å endre/reducere avdrag med 1,8 mill. Ein bør ha ein margin til nedre grense i høve for å taka høgde for endringar i avskrivingsgrunnlag. Ved å sette avdrag heilt ned mot nedre grense, kan ein lett hamne i den situasjonen når rekneskapen skal gjerast opp at ein ikkje har betalt nok avdrag.

2.5 Bevilgningsoversikt – Netto ramme pr. rammeområde

Bevilgningsoversikt, netto ramme pr rammeområde

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Opprinneleg budsjett 2019	Rekneskap 2018
Netto driftsutgifter pr rammeområde			
Felles	14 203	15 891	3 308
Sentrale inntekter, renter og avdrag	0	0	0
Eining for skule	29 823	25 843	26 616
Eining for barnehage	17 147	16 576	16 177
Eining for kultur	4 523	6 108	7 256
Eining for helse og habilitering	26 603	26 136	23 912
Eining for omsorg	27 607	24 872	25 503
Eining for teknisk drift	11 707	10 942	19 770
Interkommunalt plankontor	301	349	240
Ymse prosjekt	100	100	62
Sjølvkost - vatn og kloakk	-8 984	-5 965	-1 361
Nav Nissedal	3 900	3 493	2 828
Næring og reiseliv	640	330	587
Sum fordelt frå bevilgningsoversikt	127 570	124 675	124 898

Rammeendringane framkjem slik som tabellane under syner.

Felles - Ramme-endringar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2019	15 891 000
Heilårsverknad pris-/lønsvekst, sentral lønspott og endring i pensjonskostnader	1 173 000
Ipadar til nye politikarar kjøpt inn	-50 000
Heilårsvirkning av ny forskrift/reglement – politikargodtgjering	110 000
Heilårsvirkning kraftsamarbeid	33 000
Auke i kostnader nytt innkjøpsamarbeid	132 000
ADMU-sak 6/18 – løysing innan 30.06.20 (utsett frå 31.12.19)	-200 000
Avsett sum kommunepanarbeid	-30 000
Ikkje val i 2020	-100 000
Red. av gebyrinntekter faktura (komm.avg./eigedomsskatt)	45 000
Auke i driftsutgifter avvik/kvalitetssystem	50 000
Auke i konsesjonskraftinntekter	-1 584 000
Auka renter/avdrag – Fellesrådet (k-sak 46/19)	62 000
Kontrollutvalet – ikkje forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2020	-50 000
Skatteoppkrevjar statleg frå 1. juni	-205 000
Avslutta leasing skrivarar	-24 000
Oppgåvekorrigert ramme 2020 - ordinær drift	15 253 000
Tiltak i 2020:	
Overføring Fellesrådet redusert med 2%	-50 000
Ny berekning adm. utgifter renovasjon lagt til grunn. I tillegg dekke inn utg. for 2019.	-170 000
Redusere ressursinnsats integreringsarbeid med 3 – 3,5 årsverk (heilår 1,8 mill) – Fordelast etter plan utarb.	-900 000
Kostnad sikker utskrift – heile kommunen (fordelast)	70 000
Framlegg til ramme for 2020:	14 203 000

Skule - Ramme-endingar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2019	25 843 000
Heilårsverknad pris-/lønsvekst og endring i pensjonskostnader	544 000
Kombinasjonsklasse avslutta	-140 000
Husleige mellombels løysing Kyrkjebygda avslutta (3 mnd. i 2020)	-150 000
Skysstgifter vaksenopplæring avslutta/trekt inn	-54 000
Spesialpedagogiske tiltak (f-sak 10/19, 11/19, 115/19)	768 000
Disponering av tilskotmidlar IMDI (f-sak 44/19)	1 500 000
Miljøarbeide 80% skuleåret 2019/2020	200 000
Redusert statstilskot vaksenopplæring	671 000
Deltaking MOT skuleåret 2019/2020	61 000
Auke i skysstgifter skuleborn	100 000
Ressurs spesialped.tiltak overført frå barnehage	345 000
Statstilskot tidleg innsats/auka lærartetthet lagt inn i rammetilskot	425 000
Statstilskot leirskuleopplæring lagt inn i rammetilskot	20 000
Avslutta leasing skrivarar	-50 000
Oppgåvekorrigert ramme 2020 – ordinær drift	30 083 000
Tiltak i 2020:	
Reduksjon av 100% lærarstilling frå 01.08.2020 (heilår 600 000)	-260 000
Framlegg til ramme for 2020	29 823 000

Barnehage - Ramme-endingar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2019	16 576 000
Heilårsverknad pris-/lønsvekst og endring i pensjonskostnader	741 000
Spesialpedagogiske tiltak, heilår (f-sak 122/18)	50 000
Ressurs spesialpedagogiske tiltak overført skule	-345 000
Omorganisering av styrarfunksjon Treungen barnehage	35 000
Gratis kjernetid for 2-åringar (heilår) jf. statsbudsjettet	15 000
Fjone barnhage (heilår)	1 079 000
Avslutta leasing skrivarar	-13 000
Oppgåvekorrigert ramme 2020 - ordinær drift	18 138 000
Tiltak i 2020:	
Auke eigenbetaling til maks-tak kr 3.135 frå 01.01.20, auke 4,1%	-76 000
Trekt inn 30% stilling fagarbeider frå 01.01.20 (heilår)	-165 000
Trekt inn 100% stilling fagarbeider/pedagog frå 01.08.20 (heilår 550.000)	-230 000
Ein barnehage lagt ned frå 01.08.2020 (avklare tidleg 2020 kva barnehage, heilår 1,25 mill)	-520 000
Framlegg til ramme for 2020	17 147 000

Kultur - Ramme-endingar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2019	6 108 000
Heilårsverknad pris-/lønsvekst og endring i pensjonskostnader	105 000
Flyktningskonsulent – 40% engasjement avslutta	-135 000
Reduksjon introduksjonsstønad	-1 600 000
Støtte til Nissedalskoret utbetalt	-50 000
Kontigentkasse (k-sak 6/19)	60 000
Avslutta leasing skrivarar	-5 000
Oppgåvekorrigert ramme 2020 - ordinær drift	4 483 000
Tiltak i 2020:	
Trekt inn pott til generelt integreringsarbeid	-50 000
Laurdagsope ungdomsklubb vidareført (fin. av fellespotten)	90 000
Framlegg til ramme for 2020	4 523 000

Helse og habilitering - Ramme-endringar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2019	26 136 000
Heilårsverknad pris-/lønsvekst og endring i pensjonskostnader	523 000
Møbler Mila kjøpt inn	-60 000
Auke utgifter legevakt og plassar kommunal øyeblikkelig hjelp (KØH)	250 000
Interkommunal psykolog (lovpålagt frå 2020)	150 000
Høgna innslagspunkt utover ord. løns-/prisvekst	200 000
Avslutta leasing skrivarar	-11 000
Oppgåvekorrigert ramme for 2020 - ordinær drift	27 188 000
Tiltak i 2020:	
Reduksjon av stilling – turnusgjennomgang Kåsa – ca. 20% (heilår)	-125 000
Reduksjon av min. 30% stilling frå 01.07.20 (heilår 200.000 - netto)	-100 000
Vakanse legekantor trekt inn (heilår)	-360 000
Framlegg til ramme 2020	26 603 000

Omsorg - Rammeendring 2019 – 2020	
Opprinneleg ramme i 2019	24 872 000
Heilårsverknad pris-/lønsvekst og endring i pensjonskostnader	976 000
Omn kjøpt inn	-70 000
Reduksjon – eigenbetaling/inntekter	700 000
Eigenbetaling – auke jf. ordinær lønsvekst (auke i pensjonar)	-75 000
Etablering av nattevaktteam	1 440 000
Auke i matutgifter utover ord. prisvekst	80 000
Innslagspunkt ressurskrevjande brukarar auk utover ord. løns-/prisvekst jf. statsbudsjett	50 000
Midlar til etablering/drift av dagsenter for personar med demens jf. statsbudsjett	145 000
Avslutta leasing skrivarar	-11 000
Oppgåvekorrigert ramme 2020 - ordinær drift	28 107 000
Tiltak i 2020:	
Auke pris på middagslevering med kr 20 til kr 95	-50 000
Reduksjon av 30% stilling vaskeri etter ombygging (heilår 150 000)	-75 000
Reduksjon av 150% stilling administrasjon/institusjon (heilår 750 000)	-375 000
Framlegg til ramme for 2020	27 607 000

Teknisk - Ramme-endringar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2019	10 942 000
Heilårsverknad pris-/lønsvekst og endring i pensjonskostnader	362 000
Utbetring kjellar NOS og ny motor kjøle kjøkken NOS	-155 000
Prisauke straum utover ordinær prisvekst	700 000
Bortfall av husleige 2 bustader ikkje rehabilitert (Oddane)	100 000
Auke bruk av kraftfond – kommunal veg/Fjoneferja	-80 000
Avslutta leasing skrivarar	-4 000
Oppgåvekorrigert ramme 2020 - ordinær drift	11 865 000
Tiltak i 2020:	
Auke husleiger med 2% (konsumprisindeks)	-48 000
Kommunal delfinansiering fellesveg byggeområde Nordbygda (f-sak 49/19)	50 000
Utbetring av kontor for NAV kommunehus – kommunal del	72 000
Leigeinntekter NAV-kontor (jf. punkt over)	-37 000
Auke av feieavgift slik at sjølvkost oppnås og underskot 2019 dekkast inn	-125 000
1 barnhage lagt ned – red. av FDV-utgifter (heilår 300 000)	-150 000
Reperasjon kjøle på NOS	80 000
Framlegg til ramme 2020:	11 707 000

Plankontoret - Ramme-endringar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2019	349 000
Heilårsverknad generell prisvekst	58 000
Avslutta leasing skrivarar	-2 000
Oppgåvekorrigert ramme 2020 - ordinær drift	405 000
Tiltak i 2020:	
Reduksjon av stilling 60% konsulent – oppgåver fordelt.	-104 000
Framlegg til ramme for 2020	301 000

Ymse prosjekt - Ramme-endringar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2019	100 000
Reg.plan Treungen sentrum nord/ Framnes Øvre / Jettegrytene – Løyving vidareført	0
Oppgåvekorrigert ramme 2020 - ordinær drift	100 000
Tiltak i 2020:	
	0
Framlegg til ramme for 2020	100 000

Sjølvkost - Ramme-endringar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2019	-5 965 000
Endring ramme m.a. p.g.a. høgare avskrivingsgrunnlag	-2 742 000
Oppgåvekorrigert ramme 2020 - ordinær drift	-8 707 000
Tiltak i 2020:	
Renter investeringar 2020	-277 000
Framlegg til ramme for 2020	-8 984 000

Nav - Ramme-endringar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2020	3 493 000
Heilårsverknad lønsvekst og endring i pensjonskostnader/generell prisvekst	105 000
Tilskot etablering/tilpassing lagt inn i rammetilskot – sum tilførd	109 000
Oppgåvekorrigert ramme 2020 - ordinær drift	3 707 000
Tiltak i 2020:	
Antatt effekt på øk. sosialhjelp ved tiltaket "Re-start"	-100 000
Antatt effekt øk. sosialhjelp – red. av introduksjonsstønad	500 000
Kostnadsdekning breiband/SFO ved deltaking intr.program avslutta	-98 000
Tilskot etablering/tilpassing finansiert med bundne fond	-109 000
Framlegg til ramme for 2020	3 900 000

Næring - Ramme-endringar frå 2019 til 2020	
Opprinneleg ramme i 2020	330 000
Abonnement tilskotsportalen (heile kommunen)	25 000
Kommunen sin del av prosjektet: Nyskapande vekst i Nissedal («Næringsfiskar»)	350 000
Oppgåvekorrigert ramme 2020 - ordinær drift	705 000
Tiltak i 2020:	
Renovasjon/reinhald Jettegrytene (tild. finansiert av eigedomsskatepotten)	25 000
Laurdagsope fritidsklubb finansiert av fellesspott	-90 000
Framlegg til ramme for 2020	640 000

2.6 Økonomisk oversikt – driftsbudsjett 2020

Bevilgningsoversikt drift			
Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Oppr. budsjett 2019	Rekneskap 2018
Rammetilskot	-70 569	-65 959	-62 818
Inntekts- og formueskatt	-38 699	-38 165	-36 124
Eigedomsskatt	-13 443	-13 297	-13 540
Andre generelle driftsinntekter	-15 215	-16 308	-23 554
Sum generelle driftsinntekter	-137 926	-133 729	-136 037
Sum bevilgningar drift, netto	134 844	120 951	128 146
Avskrivningar	11 000	10 500	10 646
Sum netto driftsutgifter	145 844	131 451	138 791
Brutto driftsresultat	7 918	-2 278	2 755
Renteinntekter	-1 283	-943	-902
Utbytte	-1 350	-1 101	-1 101
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0
Renteutgifter	5 845	3 561	2 780
Avdrag på lån	9 463	8 937	8 661
Netto finansutgifter	12 675	10 454	9 438
Motpost avskrivningar	-11 000	-10 500	-10 646
Netto driftsresultat	9 593	-2 324	1 547
Disponering eller dekking av av netto driftsresultat:			
Overføring til investering	0	0	0
Netto avsetnad til eller bruk av bunde driftsfond	-7 274	3 724	-2 232
Netto avsetnad til eller bruk av disposisjonsfond	-2 319	-1 400	685
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	-9 593	2 324	-1 547
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0

2.7 Bevilgningsoversikt investering

Bevilgningsoversikt investering fordelt på investeringsprosjekt			
Alle tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Oppr. budsjett 2019	Regnskap 2018
Frå bevilgningsoversikt investering			
Investeringar i varige driftsmidlar	64 645	94 724	26 885
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	500	570	573
Utlån av eigne midlar	2 339	6 332	0
Sum frå bevilgningsoversikt investering	67 484	101 626	27 458
0149 Kjøp og sal av aksjar, andelar og tomter	0	0	7
0528 Nissedal sin del av fellesinvesteringar - Gautefallheia	0	4 048	92
0535 VA-Gautefallheia - Trinn4 - Drangedal avløp	192	8 800	175
0551 Overvåkingsanlegg - VA drift	189	500	257
0564 Adressering-skilting-vegnamn	0	0	116
0576 Asfaltering av grusvegar	0	0	326
0582 Vass- og kloakkledning til Ånundsbuoddane	0	0	-118
0583 Utbygging-Tveit skule - småskulen	0	0	1 461
0585 Oppgradering Agresso til Milestone	0	0	38
0591 Tur-/sykkelløype Åmli - Treungen	347	2 969	74
0592 4 Utleigebustader - Flyktingar	0	128	1 016
0593 Omsorgsbustader - Omsorgssenteret	8 750	0	0
0595 Vass- og avløpsledning - Eriksneset/Treungen Hyttegrend	0	0	127
0596 Utbyggingsavtale - Felehovet nord, felt C	0	0	161
0603 Ladestasjon - Treungen	0	0	3
0604 Anleggsbidragsavtale-Naurak, ø.del felt 1-kloakk	0	240	176
0605 Svivkollen hyttefelt - vass- og avlaupsløysing	372	372	1 771
0607 Vassforsyning i Bjønntjønn hyttegrend	0	0	4 460
0608 Ånundsbuoddane-hovudgrøft og internnett	0	390	907
0609 Prosjektering-hovudleidning-Treungen-Kyrkjebygda	265	610	809
0610 Personbil - flyktingtenesta	0	0	400
0611 Rehabilitering - Oddane aldersbustader	0	735	15
0613 Kleivvegen - Asfaltering	0	1 107	0
0614 Kjøp/innløysing - Tomt Gaukås stasjon	0	0	206
0615 Aktivitetspark - Kyrkjebygda oppvekstsenter	412	787	0
0616 Hovudleidningar - vatn og kloakk Kyrkjebygdheia	0	9 558	5 987
0617 Høgdebasseng og trykkaukar - Kyrkjebygdheia	0	11 123	1 332
0620 Ombygging/tilbygg - Kyrkjebygda oppvekstsenter	3 348	12 450	2 684
0621 Eriksneset hyttefelt - VA-planar og anleggsbidrag	0	0	1 222
0622 Anleggsbidragsavtale-Utsjå hyttegrend trinn 2	0	1 254	882
0623 Anleggsbidragsavtale-Felehovet Nord, felt C, del2	0	0	1 124
0624 Investeringar i lokal infrastruktur og Microsoft-lisensar	0	0	967
0625 Vass- og avløpsleidning Treungen-Kyrkjebygda	5 500	25 000	0
0627 Infrastruktur - digitalisering i barnehage og skule	0	1 636	0
0628 Kjøp av næringstomt - Sundsmoen	0	0	19
0629 Oppgradering - Agresso Milestone 7	0	375	0
0630 Damkollen bustadfelt	682	2 250	0
0631 FKB-kartlegging	406	423	165
0632 Tenestebilar omsorg/teknisk	350	725	0
0634 Kyrkjebygdheia - Opprusting av eks. anlegg - Anleggsbidragsavtale	4 150	4 500	24
0635 Kyrkjebygdheia - Utviding av eks. anlegg - Anleggsbidragsavtale	0	1 000	0
0636 Oppgradering uteområde - barnehagane	0	625	0
0637 Ombygging/rehabilitering Fjone barnehage	0	1 900	0
0638 Kunstgrasbane - Sentralidrettsanlegget i Treungen	0	1 219	0
0640 Forprosjekt - ungdomsskulen	125	0	0
0643 Agresso reisemodul/anleggsmodul/kommunenr/SAF-T	381	0	0
0644 Ombygging/Ny brannstasjon	15 000	0	0
0645 Ombygging vaskeri-NOS	727	0	0
0646 Grovkjøkken-NOS	187	0	0
0647 Snøfres - traktor	112	0	0
0648 Høgdebasseng Tveit og Framnes	20 300	0	0
0649 To nye pumpestasjonar avløp - Gautefall	1 200	0	0
0650 Driftsovervaking - pumpestasjonar	850	0	0
0651 Oppgradering av/etablering av nye kummar	400	0	0
0652 Forprosjekt nytt reinseanlegg	400	0	0
Sum fordelt investering i varige driftsmidlar	64 645	94 724	26 885
Sum fordelt tilskot til andre sine investeringar	0	0	0
0149 Kjøp og sal av aksjar, andelar og tomter	500	570	573
Sum fordelt investeringar i aksjar og andelar i selskap	500	570	573
0126 Startlån	2 339	5 132	0
Sum fordelt utlån av eigne midlar	2 339	6 332	0

Vedtak i høve til investeringsbudsjettet fattast i høve til budsjettskjema bevilgningsoversikt og investering fordelt på investeringsprosjekt. For prosjekt som gjev mva-kompensasjon, så inngår mva i dei oppgjevne kostnadene.

Kommentarar til bevilgningsoversikt investering fordelt på investeringsprosjekt

Omsorgsbustader:

Ramme for prosjektet er kr 8.750.000. Bustadane er under prosjektering, slik at ramma ikkje er endeleg. (Prosjekterings- og byggenemnda har ansvaret for prosjektet). Bustadane er tenkt lokalisert rundt omsorgssenteret. Finansiering er tilskot Husbanken 4 mill., lån 3 mill. og MVA-refusjon 1,75 mill.

Ombygging/Ny brannstasjon:

Ramme for prosjektet er kr 15.000.000. Brannstasjon er under prosjektering, slik at ramma ikkje er endeleg. (Prosjekterings- og byggenemnda har ansvaret for prosjektet). Lokalisering er ikkje avklart. Finansiering er lån 12 mill. og MVA-refusjon 3 mill.

Ombygging vaskeri - NOS:

Ramme for prosjektet er sett til kr 727.000. Finansiering kr 590.000 i lån og kr 137.000 i MVA-refusjon. Dagens vaskeri er av svært dårlig kvalitet og ventilasjon er svært dårlig. Tanken er å flytte vaskeriet til der det i dag er lokalisert kontor og at desse kontora vert flytta. I ramma ligg og nytt utstyr som aukar kapasiteten på vaskeriet som gir at ein kan utnytte ressursane betre. På dette grunnlag er det i driftsbudsjettet lagt til grunn reduksjon med ei 30% stilling.

Grovkjøkken NOS:

Prosjektet blei lagt inn i driftsbudsjettet for 2019. Men det synte seg at prosjektet var meir omfattande enn først lagt til grunn. For å overhalde krav til hygiene er det naudsynt å bygge ein vegg som gjer at ein kan skilje av til trafikk i korridor, der m.a. skittentøy vert frakta. Kjøkkenbenk og anna utstyr er og av eldre dato og held truleg ikkje krav som vert stillt frå Mattilsynet. Ramme for prosjektet er kr 187.000. Finansierte med kr 150.000 i lån og kr 37.000 i MVA-refusjon.

Snøfres til traktor:

Dagens fres blir, etter gjentatte reparasjonar, vurdert til å vere moden for utskifting. Skal ein oppretthalde å brøyte i eigenregi på same nivå som i dag bør/må fresen skiftast ut. Ramme for prosjektet er kr 112.000. Finansiering 90.000 i lån, kr 22.000 i MVA-refusjon.

Høgdebasseng Tveit og Framnes:

Båe bassenga har i dag innlekk av overflatevatn og dette er ikkje ein tilfredstillande situasjon. For å redusere faren for forureining av drikkevatnet til abonnentane må ein i dag klore vatnet. Dette for å unngå bakteriologisk forureining av vatnet som følgje av innlekk. Ein vil måtte halde på med denne kloringa til nye basseng er på plass. Det vert vurdert at tetting av bassenga ikkje vil fungere. Bassenget i Treungen er og for lite i forhold til kva det skal forsyne. Bassenget har ein kapasitet på 300 m³ og skal forsyne Treungen sentrum samt høgdebassenga på Felehovet (500 m³), Sølvia (800 m³) og Rytterspranget (150 m³). Når ein skal kople Kyrkjebygda og Kyrkjebygdheia på Treungen vassverk skal det forsyne ytterligere fleire abonnentar og to høgdebasseng til på henholdsvis 300 og 500 m³. Kommunen gjer seg sårbar med eit vassverk som skal forsyne store delar av kommunen, men denne sårbarheten kan avgrensast ved at ein bygger høgdebassengsom syter for bassengreserver. Tilråding frå konsulent er å bygge eit basseng i Treungen på 3000 m³ med to kammer og eit på 1500 m³ i Nissedal med to kammer. To kammer gjer til at ein kan utføre vedlikehald utan å tappe ned heile bassengreserven. Det er utarbeidd ein førebels rapport på dette.

Høgdebassenget i Treungen vil bli plassert slik at ein tek omsyn til framtidig utviding av kommunalt vatn/avløp til Tveitgrenda. Bassenget i Nissedal er tenkt i området rundt Framnes. Ei førebels kostnadsramme syner ein kostnad på 20,3 mill. Dette er finansiert med lån. Før prosjektet vert starta og når det ligg føre endelig prosjektering vil det bli lagt fram eige sak som fastsett endelig ramme for prosjektet og lokalisering av høgdebassenga.

FKB-kartlegging:

Oppdatering av Felles Kart Database. Dette er eit prosjekt Plankontoret starta i 2018 og som avsluttast nå i 2020. Total kostnad er kr 1.035.000 inkl. mva. (prosjektramme). Løyving i 2020 er kr 406.000. Finansiering lån kr 123.000, ref. Kviteseid kr 202.000 og MVA-refusjon kr 81.000.

To nye pumpestasjonar avløp - Gautefall:

To avløpspumpestasjonar på Gautefall tilfredstiller ikkje kommunale krav. Dei har ikkje overbygg og heller ikkje driftsovervaking. Desse to stasjonane krev unormalt mykje ressursar til dagleg drift. Oppgradering av desse er berekna til ein kostnad på kr 1.200.000. Dette er finansiert med lån.

Driftsovervaking av pumpestasjonar:

Det manglar i dag driftsovervaking i 5 avløpspumpestasjonar. Kommunen har over tid installert dette i dei fleste pumpestasjonane og det vil vere svært effektiviserande for dagleg drift å få dette på plass i alle pumpestasjonar. Kostnadsramme er berekna til kr 850.000. Finansiert med lån.

Oppgradering av/etablering av nye kummar:

I samband med gjennomgang av leidningsnett i Treungen sentrum og erfaring frå lekkasjer i sommar ser ein at det er behov for å starte renovering av kummar. I tillegg bør ein vurdere å leggje til rette nye kummar som sikrar at ein ikkje må stenge av for store område ved eventuelle lekkasjar. Dette er viktig for å hindre at så liten del som mulig av leidningsnett blir berørt ved eit evt. leidningsbrot. Det er og viktig å få lagt til rette for kloringpunkt også ute på leidningsnett. Kostnad pr. kum ca. kr 200.000. Prosjektramme kr 400.000. Finansiert med lån. Det er i økonomiplanen lagt opp til same ramme kvart år i perioden 2021-2023.

Forprosjekt nytte reinseanlegg:

Ein ser at det nærmar seg 2023 og at kapasiteten på dagens reinseanlegg både på Gautefall, Treungen og Nissedal i periodar med høg belastning er opp mot maksimal kapasitet. Det jobbast med eit mellombelsutsleppsløyve til Fylkesmannen i Vestfold og Telemark for heile reinsedistriktet. Ein håpar eit slikt utsleppsløyve kan hindre at ein må setje i verk dure utbetrings tiltak på eksisterande anlegg fram til ein har bygd nytt. Forprosjektet skal danne grunnlag for vidare detaljprosjektering og kvalitetssikring av grunnlagsdata og tidlegare rapportar for nytt reinseanlegg på Langmoen. Prosjektramme kr 400.000. Finansiert ved lån.

Unyttta løyvingar frå 2019-budsjettet som er vedteke overført 2020-budsjettet (jf. kommunestyresak 74/19) er innarbeidd i oversikten.

2.8 Økonomisk oversikt – investeringsbudsjettet 2020

(Vedtatt frå kommunestyresak 74/19 er innarbeidd).

Bevilgningsoversikt investering			
Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Opprinneleg budsjett 2019	Rekneskap 2018
Investeringar i varige driftsmidlar	64 645	94 724	26 977
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	500	570	573
Utlån av eigne midlar	2 339	6 332	0
Avdrag på lån	0	479	209
Sum investeringsutgifter	67 484	102 105	27 760
Kompensasjon for meirverdiavgift	-6 085	-5 221	-1 128
Tilskot frå andre	-9 243	-11 311	-7 523
Sal av varige driftsmidlar	-1 140	-570	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	0	-479	-269
Bruk av lån	-49 762	-76 287	-15 041
Sum investeringsinntekter	-66 230	-93 868	-23 961
Vidareutlån	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	479	0	0
Mottekne avdrag på vidareutlån	-479	0	0
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0
Overføring frå drift	0	0	0
Netto avsetnader til eller bruk av bunde investeringsfond	0	563	60
Netto avsetnader til eller bruk av ubunde investeringsfond	0	0	-573
Dekking av tidlegare års udekka beløp	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetnader	0	563	-513
Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)	0	0	-2 420

Kommentarar til bevilgningsoversikt investeringInvesteringar i anleggsmiddel

Sjå kommentarar under oversikt investering fordelt på investeringsprosjekt.

Utlån og forskotering

Eigenkapitalinnskot i KLP med kr 500.000.

Inntekter frå sal av anleggsmiddel

Legg til grunn sal av tomter tilsvarende kr 500.000. Dette for å finansiere EK-innskot KLP. Dette kan ikkje lånefinansierast og det er nå ikkje att ubunde investeringsfond. Då ein ikkje lenger har ubundne investeringsfond, er sal av anleggsmidlar einaste aktuell finansiering, i tillegg til overføring frå drift. Dersom det ikkje blir tomtesal, må ein kome attende til alternativ finansiering av EK-innskotet.

Kompensasjon for meirverdiavgift

Meirverdiavgift er inkludert i summane under Investeringar i anleggsmiddel, og kompensasjonen vert å sjå på som finansieringsinntekt.

2.9 Eigenbetalingar/avgifter 2020

ØKONOMIPLAN - EIGENBETALINGAR/AVGIFTER				
Tekst	B-2019	B-2020	Auke %	Auke Kr
Tomtepris komm. Bustadfelt (minstepris 50.000)				
Tilleggsareal pr. m2	20	20	0%	0
Husleige komm.hus pr. m pr. år	864	864	0%	0
Husleige Tannlege pr. m pr. år (avt.fest. reg.)	795	795	0 %	0
Kopiering pr. kopi (inkl. MVA)	2,00	2,00	0%	0
Gebyr etablererprøve for styrar serveringstad	400	400	0%	0
Foreldrebetaling barnehage pr. mnd.				
18 timer pr.veke / 19 t. Felle & Kyrkjebygda	1 460	1 520	4,1%	60
27 timer pr. veke / 28,5 t. Felle & Kyrkjebygda	2 070	2 155	4,1%	85
36 timer pr.veke / 38 t. Felle & Kyrkjebygda	2 660	2 770	4,1%	110
45 timer pr. veke / 47,5 t. Felle & Kyrkjebygda	2990/3040	3 135	4,1%	95
Kjøp av enkeltdagar	370	370	4,1%	10
Foreldrebet. barnehage pr.mnd.- låg inntekt				
18 timer pr.veke	175	185	4,1%	10
27 timer pr. veke	235	245	4,1%	10
36 timer pr.veke	310	320	4,1%	10
45 timer pr. veke	400	415	4,1%	15
Foreldrebetaling skulefritid pr. mnd.				
0 - 3 timar pr. veke	430	430	0%	0
4 - 6 timar pr. veke	705	705	0%	0
7 - 12 timer pr.veke	1 030	1 030	0%	0
13 - 20 timer pr. veke	1 510	1 510	0%	0
Kjøp av enkeltdagar(t.d.dagar fram til skulestart/etter skuleslutt)	215	215	0%	0
Foreldrebet. SFO pr.mnd.- låg inntekt				
0 - 3 timar pr. veke	175	175	0%	0
4 - 6 timar pr. veke	235	235	0%	0
7 - 12 timer pr.veke	310	310	0%	0
13 - 20 timer pr. veke	400	400	0%	0
Kjøp av enkeltdagar(t.d.dagar fram til skulestart/etter skuleslutt)	50	50	0%	0
Eigenbetaling kulturskulen pr. år	2 260	2 260	0%	0
Bading (pr. gong)				
Born	20	20	0,0 %	0
Vaksne (o/18 år)	40	40	0,0 %	0
Leige av lys-/lydutstyr				
Utleige av lysutstyr, liten pakke pr. time	300	300	0,0 %	
Utleige av lysutstyr, stor pakke pr. time	600	600	0,0 %	
Utleige av lydutstyr, liten pakke pr. time	300	300	0,0 %	
Utleige av lydutstyr, stor pakke pr. time	600	600	0,0 %	

Abonnementsordning for heimehjelp (pr. mnd.)				
Inntekt 0-2 G (fylgjer statlege maks.satsar)	210	210	0%	0
Inntekt 2-3 G	530	545	3%	0
Inntekt 3-4 G	1 055	1 085	3%	0
Inntekt 4-5 G	1 580	1 630	3%	0
Inntekt over 5 G	1 900	1 960	3%	0
Timebetaling for heimehjelp				
Timepris uavhengig av inntekt	220	225	3%	0
Tryggingsalarmar				
Tildeling/montering	0	0		0
Månadleg leige (via fasttelefon)	250	260	4%	0
Månadleg leige (via mobiltelefon)	280	290	4%	0
Leige av kommunale hjelpemiddel pr.mnd	0	0		0
Transport til/frå dagsenter/dagaktivitetar	50/25	50/25	0,0 %	0
Korttidsopphold inst. - Dagpris (fylgjer statlege maks.satsar)				
Korttidsopphold inst. - Dagpris (fylgjer statlege maks.satsar)	80	85	6,3 %	0
